



Lærarane gjorde ein stor dugnadsinnsats torsdag. Bjørg Møyfrid Fredheim rakar nærast fotografen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**”Alt” skal gjerast om våren og i eit lite bygdesamfunn er konkurransen om den friviljuge arbeidskrafta stor i desse tidlege maidagane. Det fekk dugnadsbasen på Helgheim, Audun Eik, merka torsdag ettermiddag. Då møtte berre fem fram og Audun var slett ikkje fornøgd med det.**

Målsettjninga har vore å få lokalet ferdig opprusta til 17. mai og bryllupet to dagar etterpå, men no er det uvisst om dette blir mogeleg. Kanskje må dei begrensa seg til å måla ferdig dei to veggane som er ”mest synlege”. På arbeidsprogrammet i går, som vart noko amputert, stod skraping og måling, attståande listing og skifting av vindauga oppe på galleriet.



Skraping var ein av arbeidsoppgåvene på Helgheim torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På skulen var det også dugnadsdag og her var det ingen grunn til å klaga på frammetet. Både lærarar og foreldre var i aksjon og det vart arbeidd på to frontar:

Brudespirea-hekken ved inngangen vart fjerna etter å gjort teneste sidan skulen vart bygt og den vart erstatta av sibirsk ertertre, blodlønn, rhododendron og nokre vintergrøne busker. Innspurten med leikeanlegget der stein vart fjerna og området tilsådd gjekk med liv og lyst. Dette var lærardugnad nummer tre etter stordugnaden i vinter då apparata i aktivitetstløypa vart oppsett og montert.

Rektor Vidar Haugland ser ikkje bort frå at det blir ei lita høgtid for å innvia eit leikeanlegg som ein skal reisa langt for å finna maken til, men han er ikkje overtydd om at 17. mai er den rette dagen for ei slik markering.

Anlegget ligg slik det står no an til å kosta rundt 170.000 kroner medan det var berekna til 150.000. Men elevrådet, som er svært aktivt i samband med dette prosjektet, har teke på seg å dekkja gapet. Grunnsummen

kjem både frå kulturkontoret, skulen sitt eige budsjett og innsamla midlar.

Eit viktig apparat har ein ikkje hatt råd til i denne omgongen og det er ei hengjebru som kostar 30.000-40.000 kroner. Den kjem sjølvsagt ikkje i år, men elevrådet er innstilt på å samla inn pengar til brua, fortel rektor Haugland.

Av Ola Matti Mathisen



- medan Odd Steinar Amesen køyrar rullen. (Foto: Ola Matti Mathisen)